

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

## Bybanen til Fyllingsdalen og mogleg forlenging til Spelhaugen

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at det vert jobba vidare med framlegg til forlenging av Bybanen frå Oasen til Spelhaugen, basert på premissa om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.
2. Fylkesutvalet føreset at ei forlenging av Bybanen til Spelhaugen ikkje får framdriftsmessige konsekvensar for realisering av Bybanen til Åsane.

### Samandrag

Bybanen byggetrinn 4 frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen vart planlagt og regulert med Spelhaugen som endestopp gjennom vedtak av reguleringsplan i bystyret 21. juni 2017. Styringsgruppa for Miljøloftet fatta den 27.04.2018 vedtak om kutt i byggjetrinn 4 av Bybanen for å få kontroll på kostnader og risiko i prosjektet.

Gjennom bompengerliket og byvekstavtalen er det no opna opp for å likevel kunne vidareføre Bybanen til Spelhaugen, under føresetnader av omregulering av gjeldande reguleringsplan og at ei rekkje element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bybanen byggetrinn 4 frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen vart planlagt og regulert med Spelhaugen som endestopp gjennom vedtak av reguleringsplan i bystyret 21. juni 2017. Saka vart handsama av fylkesutvalet i Hordaland den 22. februar 2017.

Fylkesutvalet i Hordaland vart den 31.05.2018 orientert om at Styringsgruppa for Miljøloftet den 27.04.2018 fatta vedtak om kutt i byggjetrinn 4 av Bybanen for å få kontroll på kostnader og risiko i prosjektet.

Vedtaket i styringsgruppa var som følgjer:

Med bakgrunn i tidlegare omtalte kostnadskontroll vedtek styringsgruppa følgjande:

- Tidlegare vedtekte kutt vert opprettheldt, med unntak av at varelevering til Oasen skal sikrast på ein hensiktsmessig måte.
- Bybanens byggetrinn 4 vert avslutta ved Oasen. Etablering av depot som fjell-løysing med dagslys i Løvstakken vest vert lagt til grunn.
- Vidareføring til Spelhaugen skal gjennomførast så raskt det er finansielt rom for dette, med den klare føresetnad at slike tiltak ikkje skal forseinka byggestart på neste byggesteg til Åsane.
- Innkorting av traseen skal utførast slik at det er mogleg å slutføra strekninga til Spelhaugen på eit seinare tidspunkt. Arbeidet skal samstundes gjerast på ein slik måte at det mellombelse endestoppet på Oasen vert eit funksjonelt knutepunkt med gode bymessige kvalitetar.
- Bybanen utbygging tek initiativ til ein gjennomgang av kostnadsfordelinga mellom partane.

Byvekstavtalen for Bergensområdet 2019-2029 vart vedteken av fylkestinget 10. februar 2020 (PS 1/20). I avtalen inngår resultat av regjeringa sitt bompengeforlik av august 2019. Dette inneber mellom anna at avtaleområdet vert tilført 55 mill. (2020-kr) per år i heile avtaleperioden til forbetrинг av kollektivtilbodet. Det er i avtalen presisert at desse midlane er øyremerka til Bybanen.

I Handlingsprogram for Miljøloftet 2022-2025, som skal vedtakast av fylkestinget 16-17. juni 2021, ligg ny byvekstavtale for Bergensområdet 2019-2029 til grunn. Handlingsprogrammet omtalar desse midlane slik: *Hvordan midler til bedre kollektivtilbud skal brukes er ennå ikke avklart.*

*Foreløpig settes disse på fond og kan inngå som finansiering av forlenging av Bybanen fra Oasen til Spelhaugen fra det tidspunkt nødvendige politiske og finansielle avklaringer er på plass.*

Med denne saka vert det lagt fram eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om moglegheitene for å realisera vidare utbygging til Spelhaugen. Kunnskapsgrunnlaget er utarbeida av Vestland fylkeskommune ved Bybanen Utbygging (BU), med innspel frå Bergen kommune.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag

VLFK v/BU har utarbeida ein rapport, «Mulighet for Bybane til Spelhaugen» (vedlagt). Denne konkluderer med at ei nøktern bybane løysing kan vidareførast frå Oasen til Spelhaugen innanfor ein estimert kostnad på 742 mill. 2019-kroner. Følgjande føresetnader ligg til grunn:

- At gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekke element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar.
- Endeleg avgjersle om igangsetting av prosjektet bør avvente til sentrale premiss i områdereguleringsplan og finansiering er nærmere avklåra.

I rapporten vert det peika på gapet mellom tilgjengeleg finansiering (550/600 mill. kroner) og anslått kostnad på 742 mill. kroner. Det vert vist til to nøkkelement for å kunna redusere kostnader og dermed sikra fullfinansiering:

- Finne ei ny løysing for varelevering til Oasen, som p.t. ligg inne som eit rekkefølgjekrav i gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen, og som utgjer eit vesentleg kostnadselement dersom det skal berast av Bybaneprosjektet aleine.
- Sikre finansieringsbidrag frå private aktørar på Spelhaugen ved å kople realisering av Bybane til Spelhaugen med utbyggingspotensiale same stad.

I rapporten er det vist til ei rekke kutt eller innsnevringer i prosjektet ut frå gjeldande reguleringsplan. Fylgjande hovudpunkt er definert ut av bybaneprosjektet og vert føresett løyst av private utbyggjarar i samband med realisering av områdeplan:

- Torgareal Spelhaugen haldeplass og mot gangsti vest for haldeplass
- Alle lokale vegar i Spelhaugenområdet (med unntak av koplinger)
- Handtering av vassdraget oppstrøms og nedstrøms Bybanen (nord og sør for Bybanen)

Framlegget til modell for å sikra naudsynt privat finansiering liknar modellen som er nytt av Viken fylkeskommune i samband med utbygging av Fornebubanen. Denne omhandlar ein betinga avtale om private bidrag - grunneigarar får auka utbyggingsmoglegheit under føresetnad av at dei bidreg med finansiering til å sikre t-baneutbygginga. I tillegg er det inngått klassiske utbyggingsavtalar mellom Bærum kommune og utbyggjarar.

I rapporten vert det også peika på at forhandlingar om grunneigarbidrag føreset at Bergen kommune kan gje grunneigarar ein sikkerheit for høgare utnytting av eigedomane, noko som må sikrast i en vedteken plan. Områdeplan for Spelhaugen er under utarbeiding. Planarbeidet er framleis i tidleg fase, og arbeidet er komplekst med mange usikre moment. Gjeldande framdriftsplan tilseier mogleg vedtak av plan i løpet av 2023.

Med omsyn til framdrift for ei eventuell utbygging til Spelhaugen, viser rapporten til ein prognose om 4,5 år frå naudsynte avklăringer om finansiering og planlegging føreligg. Sistnemte inkluderer både områderegulering for Spelhaugen, områderegulering for Oasen (endringar knytt til varelevering) og detaljregulering for Bybanen (endringar).

#### Vedtakskompetanse

Av reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7 følger:

«Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemد.»

Avgjerda i denne saka er viktig, men er ikkje vurdert å vere av prinsipiell betydning. Fylkesrådmannen viser særskild til at tiltaket er i tråd med Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 sine mål og med andre overordna fylkeskommunale planar og strategiar. Fylkesrådmannen viser dessutan til at saka ikkje har direkte økonomiske verknader for Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saka.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Finansieringa av tiltaket vert gjort gjennom statlege midlar. Saka har ikkje direkte konsekvensar for fylkeskommunen sin økonomi. På sikt vil fylkeskommunen ha ansvaret for drift av bybanestrekninga.

##### **Klima:**

Tiltaket vil kunna bidra til å redusera klimagassutslepp gjennom å overføre reisestraumar frå bil til bybane. Tiltaket er i tråd med nullvekstmålet og satsinga Vestland har på grøn omstilling.

##### **Folkehelse:**

Ferdig utbygd bybane til Spelhaugen vil bidra til betre mobilitet for nye område. Universell utforming er ein viktig premiss for Bybanen.

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket er i tråd med Utviklingsplanen sine mål og med andre overordna fylkeskommunale planar og strategiar.

## Konklusjon

Strekninga Oasen - Spelhaugen vart i 2018 teke ut av prosjektet Bybanen byggjetrinn 4 for å få kontroll på kostnader og risiko i prosjektet. No har ny byvekstavtale, saman med regjeringa sitt bompengeforlik, opna ein moglegheit for likevel å kunne byggje til Spelhaugen, ved at det er stilt statlege midlar til disposisjon som er øyremerka til Bybanen.

Fylkesrådmannen er positiv til ei forlenging av Bybanen til Spelhaugen, men peikar på at det framleis er eit betydeleg gap mellom kostnadane knytt til å realisere bybaneutbygging til Spelhaugen og tilgjengeleg finansiering. I arbeidet med å realisere prosjektet har det vore naudsynt å redusere kostnadane for bybaneprosjektet og presentere ei noko enklare løysing, som er vurdert til å koste knapt 750 mill. (2019-kr). Samstundes har det vore naudsynt å vurdere moglegheitene for andre finansieringsbidrag, eventuelt ytterlegare kostnadskutt. I rapporten er det peika på to hovudmoglegheiter for dette - å finne ny løysing for varelevering på Oasen og å sikre private grunneigarbidrag på Spelhaugen.

Dei presenterte løysingane for å tette gapet mellom tilgjengeleg finansiering og kostnadsestimat for bybaneprosjektet, er tett knytt til pågåande planprosessar. Eventuelle nye løysingar for varelevering på Oasen kan vurderast i pågående arbeid med områderegulering for Fyllingsdalen sentrale deler - dette planarbeidet har kome langt og er forventa framlagt til 1. gongs handsaming i 2021. Eventuelle avtalar om grunneigarbidrag på Spelhaugen er føresett avklåra gjennom områderegulering for Spelhaugen. Dette planarbeidet har ikkje kome like langt, og er forventa ferdigstilt i 2023.

Fylkesrådmannen ser at det framleis er ei rekke usikkerheiter knytt til ei eventuell vidare utbygging av Bybanen til Spelhaugen. Samstundes ser fylkesrådmannen det som viktig at det vert teke stilling til om mogleg løysing som no er synleggjort i det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget skal leggjast til grunn for vidare arbeid. Ei slik avklåring er viktig fordi forslaget har innverknad på pågåande planprosessar, som vist til over. Samstundes er det viktig fordi det er behov for avklåringar overfor staten med omsyn til bruk av midlane i bompengeforliket.

Fylkesrådmannen tilrar difor at fylkesutvalet vedtek å oppretthalda ambisjonen om vidare bybaneutbygging til Spelhaugen, og at premissane om at gjeldande reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen vert omregulert og vedteken slik at ei rekke element utanfor Bybanen sin kvite kantlinje vert finansiert og bygd av andre aktørar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Fylkeskommunen er prosjekteigar og byggjerre for bybaneutbygginga, medan Bergen kommune er planmynde for dei aktuelle områdereguleringane. Det er difor viktig at bystyret og fylkesutvalet fattar likelydande vedtak. Bystyret har tilsvarande sak til handsaming den 16. juni 2021.

Fylkesrådmannen minner avslutningsvis om at endeleg avgjerd om forlenging av Bybanen til Spelhaugen vil verta lagt fram for fylkesutvalet på eit seinare tidspunkt, gjennom ordinære plan- og budsjettprosessar.